



Alver kommune Plan og byggesak  
Einar Aase -byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 9942f2e3-8673-4904-  
a993-a061fe292189  
Vår: 23/3470 - 23/40447

Saksbehandlar:

Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

26.05.2023

## uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå LNF til omlegging av veg- gbnr 324/7 Langeland

Saka gjeld søknad om utviding av veg, ved at det vert etablert ein ny tilkomstveg, i samband med at avkøyrsløse frå Sagstadvegen 63-69 til fv 5308 skal stengast permanent.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland sin arealdel er definert som LNF. Eksisterande veg (Torvvegen) inngår i reguleringsplan for Langeland (plan-id: 125620031126).

Landbruksavdelinga har forståing for at det er naudsynt å etablere ny tilkomstveg, og har difor ikkje merknader til sjølve tiltaket, sjølv om det inneber at dyrka mark går tapt.

Søknaden vil krevja handsaming etter jordlova § 9-omdisponering, sidan vegen delvis vert lagt på fulldyrka areal. Me ber om å få saka attende for jordlovshandsaming dersom det vert gitt dispensasjon. Det er pårekeleg at det vil verta gitt slikt løyve. Fint om det kan opplysast kor mykje fulldyrka areal som vil gå med til vegen. Det går ikkje fram om det skal gjennomførast noko deling av areal, i så fall vil det vera naudsynt med delingsløyve etter jordlova § 12.

Me vil truleg stilla vilkår om at den fulldyrka jorda som vert fjerna skal nyttast til å forbetre jordbruksarealet andre stader på bruket, og at vegen ligg i same plan som bøen slik at vegen kan nyttast til t.d. spreing av husdyrgjødsel m.m.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG